



Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Til
Ordfører
Rådmann

Meland kommune

Komm.nr.: 1256

DERES REF

VÅR REF

DATO

15-04647-78

14.12.2015

Utbetaling av ekstratilskot for busetting av flyktningar i 2015

Meland kommune vil motta 300000 kr i ekstratilskot for personar som er busette utover oppmoding i 2015.

Stortinget bestemte i 2015 å innføre eit ekstratilskot for å auke busettinga av flyktningar i kommunane.

Tilskotet er innordna med to satsar:

1. Kommunar som i 2015 busette fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi, og samtidig busette fleire enn folketalet i kommunen tilseier, mottar et ekstratilskot på 50 000 kroner per person som vert busett utover IMDis oppmoding.
2. Kommunar som i 2015 busetter fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi, vil motta eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDis oppmoding.

Kommunar som først oppfyller kriteriet for ekstratilskot på 25 000 kroner, og i løpet av året også oppfyller kriteriet for ekstratilskot på 50 000 kroner, vil motta det høgste ekstratilskotet for heile talet på personar kommunane busetter utover oppmodinga frå IMDi.

For at tilskotet skal verte utløyst, må personen vere busett i kommunen; personar som berre er søkt ut utløyser ikkje ekstratilskot. Ordninga gjeld for personar busett i 2015.

Det er oppmodinga frå IMDi per 20. april 2015 og folketal i kommunen per 1. januar 2015 som ligg til grunn for berekning av utbetalinga.

Meland kommune utløyser tilskot på 50000 kr for 6 personar busett utover oppmodinga frå IMDi. Dette utgjør eit beløp på 300000 kr.

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Sandbrogaten 5-
7, 5003 Bergen

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

Denne utbetalinga reflekterer busette i kommunen per 30.11.2015. Kommunen vil eventuelt motta ein ytterlegare utbetaling i 2016 for dei personane som vert busett utover IMDi's oppmoding i desember 2015.

Venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Bente Blytt
Regiondirektør IMDi Vest

Dokumentet er godkjent elektronisk og trenger derfor ikkje signatur